

Opning for ein human og solidarisk flyktningepolitikk.

Utan FrP i regjeringa er sjansen for å få endra den inhumane og usolidariske flyktningepolitikken regjeringa har ført, til stades.

Vestland SV oppmodar SV si stortingsgruppe om å ta initiativ i Stortinget til eit forslag om at regjeringa må ta ansvar for at det blir funne ei omforeint løysing for flyktningane som no er innesperra i leirar under umenneskelege tilhøve.

AP og SP må utfordrast til å vere med på eit slikt initiativ.

Det kan ikkje lenger akseptrast at Europa let vere å handle når flyktningar, også mange barn og kvinner, blir internerte i leirar i årevis.

Flyktningeleirar, som Morialeiren på Lebsos er meint for 4000 flyktningar. Der bur det no opp mot 20 000, og Legar utan Grenser har erklært unntakstilstand her.

Denne, og andre slike leirar må tømmast.

Noreg saman med andre land i Europa, må fordele flyktningane mellom seg, ta i mot dei og gi dei høve til eit trygt og verdig liv.

Europeiske styresmakter, EU og det ein skilde land sine regjeringar, kan ikkje overlate til frivillige hjelpeorganisasjonar å syte for eit minimum av det folk i naud treng for å overleve, men må ta det ansvaret dei har forplikta seg til gjennom internasjonalt lovverk.

I regjeringa må KrF og V bli utfordra til å vise at dei står for ein human og solidarisk innvandringspolitikk.

Vedteke årsmøte vestland SV 9. februar 2020